



Plett AS
Fagernes 4
5043 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/4245 - 16/7407

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
15.03.2016

Løyve til deling - gbnr 134/471 Hilland Vest - bustadrekke 44 - 46

Eigedom: Gnr.134 bnr.471 Hilland Vest
Adresse for eiged.: Vardane, 5911 Alversund
Type tiltak: Deling av grunneigedom
Heimelshavar: Plett AS
Søker: Byggprosjekt AS v/Roy Njåstad.

Saka gjeld:

Heimelshavar eig regulert bustadfelt på Hilland Vest. Det vert no søkt om løyve til å dele eigedommen i samsvar med reguleringsplanen. Det gjeld tomter for bustadhus og anleggseigedom/tomt for parkering. Deling slik det er søkt om er i samsvar med gjeldande plan.

Søknaden omfattar fleire bustadrekker. I sak 14/2410 var det gjort vedtak om at det ikkje vert gjeve løyve til å dele frå kvar bustadrekke, med seinare løyve til seksjonering innanfor kvar bustadrekke. Kvar einskild bustad i rekken skal delast frå og få eige gbnr.

I den søknaden som vert handsama her gjeld det bustadrekke 44 – 46. Tomt 44 har eit areal på om lag 138m², tomt 45 tilsvarande om lag 148m² og tomt 46 er om lag 243m². Storleik og grenser skal vere slik reguleringsplanen/tomtedelingsplan syner.

Planstatus/dispensasjonar:

Dispensasjon i høve til deling er ikkje naudsynt. Tiltaket er i samsvar med godkjend plan. Søknaden som er sendt inn syner til dispensasjon, men det gjeld løyve til å endre utnyttingsgrad. Dette vedkjem ikkje løyvet til deling.

Tilkomst/vassforsyning/avløp:

I samsvar med godkjend plan.

Nabovarsel:

Det er sendt ut nabovarsel, og ikkje komme inn merknader.

VEDTAK:



Med heimel i pbl §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå bustadrekke 44 - 46 i bustadfelt Hilland Vest. Tomt 44 er om lag 138m², tomt 45 om lag 148m² og tomt 46 om lag 243m². Arealet skal nyttast i samsvar med reguleringsplanen.

Grunngjeving for vedtaket:

Kommunen vurderer søknad om deling etter pb §20-1 og §26-1.

Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med pbl, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel skikka til bygging på grunn av storleik eller form.»

Deling er i samsvar med gjeldande plan.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i pbl. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i Plan- og bygningslova.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter av løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf.Pbl § 21-9.

Gebyr:

Søknad gjeld til saman fem ulike bustadrekker, og det er gjort eit vedtak for kvar av desse. Gebyret er rekna ut samla og ført i sak 15/4245 – 16/7369.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova sine reglar. Partane kan klage til overordna mynde innan tre veker frå vedtaket vart kjend. Jf. §§ 28 flg. i Forvaltningslova.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Plett AS

Fagernes 4

5043

BERGEN